



Stanghelle tidleg i 60 åra.

Utlånt av Solveig Risnes

OM TREFFPUNKT PÅ STANGHELLE

Asbjørn Tysse

STØRRE VELSTAND

Mot slutten av 1950-talet skaut utviklinga på Stanghelle fart, og på godt og vel 25 år endra bygda radikalt karakter, frå pastoralt landbruksområde, til drabantby. No flytta fabrikk-arbeidarane på Dale til Stanghelle i hopetal. Hovudårsaka til omveltingane låg i den aukande velstanden, kor mellom anna Husbanken sørge for at vanlege folk fekk råd til å byggje hus.

ALLE VEGAR FØRER TIL STORBJØRKA

Stanghelle var knytt til omverda via jernbane og sjø. To vegar fanst. Vegen frå Dale som kom over Brekkjen, til kaien, og kjerrevegen innover Stanghelle som enda ved

garden i Låga-skaret. Fyrst midt på sekstitalet vart det bilveg til Bergen. Ved det store vidkjende bjørketreet ved Haldorløa, kryssa vegane, og her vart det ofte til at folk møttest.

SENTRUM VED SJØEN

Innanfor ein radius på 200 meter låg dei viktigaste foruma på Stanghelle. Agnavika, Sjuravika, Holmen, kaien, jernbane-stasjonen, post, butikk, gravplass, kapell og folke- og framhaldsskule og vegvesenbrakka. Andre sosial åstader fanst i Grustaket, Lågaskarsbakken og på Brekkjen.

KAIEN

På kaien hende det alltid noko. Ungar på magen med fiskesnøre og spikarsøkke på sikker jakt etter kolje. Vaksne poker-spelarar og landsøl under Hellenen. Badeliv. Å stupa frå kaien var greitt nok, men sjølve manndomsprøva var kolakaien. Stuphøgda var for vidarekomne, og dei som bevega seg til topps, vart handsama med respekt, og fekk etterpå noko Jack Londonsk over seg. Elles mangla det ikkje badeplassar. Alternativa sto i kø frå Melkevika til Follavika, alt etter om du var til fots eller ville bruke båt for å få ein symjetur.

På kaien lossa skip varer til fabrikken, lastebilar gjekk i skytteltrafikk frå grustaket for å laste "pompekøyter", og rutebåtane Oster og Bruvik var innom frå tid til annan.

BÅTBYGGERIET PÅ FYLO

På andre sida av vågen like innanfor stasjonen låg eit lite båtbyggeri. Her bygde Johan Fyllingslid robåtar, hadde slip, og sag. Ikkje få av dei robåtane som framleis finst på Stanghelle var produsert på "Fylo" og har alltid hatt eit kvalitetsstempel.

GAMLEBUTIKKEN VED STASJONEN

Gamlebutikken låg vis a vis stasjonen. Johanne og Nils Stanghelle var innehavarar og hos dei fekk du alt du trong i kvardagen. Få hugsar at Stanghelles første "bensinstasjon" var her. På folkemunne var butikken kalla "bue" og eit karakteristisk syn frå denne perioden var når handelsmannen kjørde ut varer med hest og kjerre, med ein hale med ungar etter seg.

JERNBANESTASJONEN - EIT VIKTIG TREFFPUNKT

I tillegg til butikken var jernbanestasjon viktig for nyheiter. Her selde dei vekeblad og her hadde posten kontor i mange år. Ikkje minst møttest ungdommen her, og særleg populær var "Åtten", eller åttetorget.

SKULE- OG SAMFUNNSHUS

Gamleskulen hadde både folke- og framhaldsskule. Lærarane budde i toppetasjen og i bustaden ved sia av. I fjæra nedanfor jernbanestasjonen hadde dei båt plass, den store steinen vert den dag i dag omtala som Lærarsteinen. To og to klasser gjekk saman. I tillegg til folk frå bygda kom og nokre frå den delen av Osterøy som



17. mai på Stanghelle 1964.

Utlånt av S. Rishes

tilhørde Vaksdal kommune. Postmannen eller foreldre skyssa dei fram og tilbake mellom Stanghelle og Ånæ. Når Sørfjorden frå tid til anna rauk opp, måtte dei vere heime.

I skulehuset førejekk både jordiske og åndelege syslar. Sundagsskulen delte rundhanda ut fisk, stjerner og diplom. Her føregjekk og juletreffesar og basar, og her sto svovelpredikantane fram og vekte folk med slik styrke at dagslyset drøydde med mørke. Av meir prosaisk art var møter i vellaget og øvingane til skulemusikken.

BRAKKA - EIT EIGE SAMFUNN

Med ein storstilt satsing på vegutbygging, inntok anleggsarbeidarar frå heile landet Stanghelle. "Brakka" som stod like ovanfor Haldorløa og skulen var eit framandelement i bygda, likevel eksisterte det fredeleg sameksistens mellom vegvesenkarane og bygdefolket i alle år.

BREKKJEN OG LÅGASKARET

På Brekkjen kor den nye skulen ligg i dag, var det idrettsbane. I mange år vart 17 mai-, og jonsokfeiringa halde her. Dei fyrste organiserte fotballaga spela her, og fleire vintrar sprøyte kommunen slik at ein kunne konkurrere på skeiser. Når snøen kom, vart Lågaskarsbakken flittig brukt. Enkelte februarsøndagar sto folk i kø for å skreia. Barn og vaksne tok del, og det vart arrangert både ski- og hopprenn.

SKRYTEBENKEN

På Skrytebenken i Litlestraumen like ved jernbanebrua møttest dei med draging til sjøen. Her sat hobbyfiskarane og sjøfolka og drøste om fiskelukka, flotte kvinnfolk, men og siste festen i Dalehallen. Samtalane hadde mykje visdom, erfaringar og historie i seg. Her sat sjøulken som hadde fartstid på segiskute, til dei moderne digitale sjøfolka, heime frå sin siste supertankar.

OM MENNESKELEGE SØYLER

Til slutt må vi ikkje gløyma menneska. 60-talet avhang av dugnadsånden, at innbyggjarane forplikta seg for fellesskapet. Kreative krefter skorta det i alle fall ikkje på. Heller ikkje fargeklattar, som lyste opp i kvardagen. Menneske på sitt beste og som bidrog til at Stanghellesamfunnet vart så dynamisk som det vart.